



www.voss.kyrkja.no

Nr 3 | 2024 | 83. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



ANDAKT

3

T-SIDER


7-11

FØRSTEHJELP VED SORG

14-15



DE HISTORISKE



Asta, Fredrik, Signe og Marie Fleischer

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP

T: 56 52 05 00

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjennytt:

Kyrkjennytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellestråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve, Knut Skiple og Ingrid Kløve-Graue. Svein Tøsse er redaktør.

Grafisk produksjon: Vaksdalposten
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjennytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider: Måndag-fredag 09-15 (onsdag 10-15)
Telefontider: Måndag-fredag 10-14
Besøksadresse: Uttrågata 5
Postadresse: Voss kyrkjelege fellestråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon: 56 52 38 80
E-post: post.voss@kyrkja.no
Kontonr: 3480.16.45293
www.voss.kyrkja.no

Informasjon om gudstenester, trusopplæringstiltak, påmelding til dåp og mykje anna finn du på www.voss.kyrkja.no

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy
Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert
Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no
Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen Arnulf Sandvik
Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe
Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no
Sokneprest i Granvin og Ulvik Anne Marthe Ulvik
Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Voss: Bjørg Helland
Tlf 938 56 326.
Oppheim: Christine Kalsås
Tlf 911 33 556.
Vinje: Rigmor Ulvund
Tlf 990 33 293.
Raundalen: Nanna Nordahl
Tlf 917 58 826.
Granvin: Sigvor Melve Schrey
Tlf 911 32 608.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!
Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Neste nummer kjem i slutten av november. Frist for innlevering av stoff er 1. november.

Voss kyrkjelege fellestråd:

Kyrkjeveve Svein Tøsse
Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Assisterande kyrkjeveve Kjersti Vestrheim Helland
Tlf 90079805- E-post: kv934@kyrkja.no
Kateket Rønnaug Eng Skjeldal
Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik
Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe Kharazmi
Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no
Øyvind Lennart Pedersen
Diakon Sigrid Djukastein Mala
Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar Anja Slåtten
Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no
Ungdomsprest Vetle Leksbø
Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no
Organist Frode Vik
Tlf 952 62 084.
Organist Ellen Marie Selland Geithung
Tlf 980 64 594.
Organist Edyta Bryk
Tlf 954 30 695.
Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun
Tlf 481 36 520.
Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt
Tlf 934 46 884.
Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik
Tlf 414 75 383.
Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt
Tlf 468 98 970.
John Rikard Mandelid
Tlf 932 63 939.
Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond Olav Neteland
Tlf 957 02 327.
Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid
Tlf 901 36 496.
Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne
Tlf 918 74 201.
Redaktør i Kyrkjennytt Svein Tøsse
Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kontomedarbeidarar Idunn Holen, Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

 **Gravplass i Voss**

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.





Jorda går under medan vi syng salmar

Andakt av Hans-Christian Küspert

Vi står midt i ei klimakrise, ei miljøkrise og nyheitene blir fylte opp av krig og overgrep. Nokon meiner at det har vorte så ille at det ikkje er rett å setje barn til verda. Korleis blir dette reflektert i truslivet vårt, og i fellesskapa våre?

I sommar las eg eit innlegg der ein frustrert teolog meinte at vi i kyrkja bryr oss alt for lite om det som skjer i verda, og då især klima- og miljø-krisa. Dette burde ha fast plass i gudstenesta, om ikkje anna i forbønnene våre, meinte ho.

I ettertid har eg reflektert litt på dette, og komme til to innsikter som eg vil dele. For det første så opplever eg at vi her på Voss er ganske «flinke» til å be for verda, både for fred og rettferd, men også for at vi må bli flinkare til å forvalte ressursane på planeten på ein god måte.

For det andre, så har eg spurt meg sjølv kva oppgåva til gudstenesta skal vere. Vi lever i ei verd full av kriser. Nokon meiner at klimakrisa er vår tids store problem, og burde ha mykje meir fokus. Andre meiner at det som skjer på Gaza burde stå i sentrum, andre igjen seier at vi må sjå meir på dei «gløymde» krigane, Jemen, Sudan, DR Kongo, og så vidare. Dessutan har vi rikeleg med «kriser» som er mykje nærare, og som vi kanskje kan gjere meir med.

Gudstenesta skal hjelpe oss å leve i verda, og skal derfor ikkje vere heilt av kopla frå verda, men samtidig skal gudstenesta vere ein fristad frå verda, ein pause

frå det som rullar over skjermene våre utan stans. Sanninga er at verda har «gått under» så lenge det har vore menneske. Miljøkrisa er ikkje ny, og krig og svolt er det i alle fall ikkje. Under svartedauden døydde om lag 60 prosent av befolkninga i Noreg.

Verda er vond og vanskeleg, og i kyrkja skal vi kunne snakke om alt, for Gud er i alt, og bryr seg om alle menneske. Likevel skal vi først og fremst prise Gud, forkynne evangeliet, ta imot hans nåde gjennom ord og sakrament, og utruste kvarandre til å gå ut i verda med kjærleik og nåde.

Kan vere jorda «går under», medan vi syng salmar, og likevel så er det det vi skal gjere. For vi har ikkje berre ein heim på jorda, men vi har også ein heim i himmelen. Ei veke består av 168 timar. Vi kan godt ta fri frå denne verda 1-2 av dei for å kvile, få påfyll, få ein forsmak på det himmelske, og oppmuntrast til dei neste 166 timane.

Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen.»

Tomas seier til han: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?» Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg. Johannes 14, 1-6

Arbeid som ber frukt

Kjelde: NMS sin Etiopia-blogg

Det er viktig at barnet sitt morsmål vert brukt så mykje som mogleg i opplæringa i Etiopia.

Men kva skjer når ein lærar bruker morsmålet sitt framfor elevane, men oppdagar at borna i klassen hans snakkar fleire ulike språk som er annleis enn det han sjølv snakkar?

Aikali Nono er utdanna morsmålslærar og underviser elevar i første klasse i Bambasi-mao-språket. Dei 30 borna i klassen hans snakkar rundt ti ulike språk. Mange av dei har måtta flykta frå heimstaden sin på grunn av pågåande konflikter og mykje uro i landet. Korleis kan Aikali Nono undervisa Bambasi-mao-borna i å lesa og skriva på deira morsmål, medan han samtidig skal ta vare på dei som ikkje snakkar dette språket?

NMS støttar prosjektet «Bruk av morsmål i undervisninga for minoritetar». Gjennom prosjektet har Aikali Nono fått opplæring i undervisningsstrategiar



Barna er ivrige i å lære å lese og skriva.

og -teknikkar for fleirspråklege grupper som skal hjelpe han med å takla språkmangfaldet i klasserommet. Opplæringa har gjeve han verktøy for å inkludera ulike språk i undervisninga, for eksempel bruk av visuelle hjelpemiddel og gestar for å auka forståinga.

Dersom borna ikkje får undervisning på eit språk dei forstår godt, kan det

hemma prestasjonane deira betydeleg. Det påverkar deira evne til å forstå og engasjere seg i det dei lærer, og fører gjerne til hol i læring og utvikling. Difor



Lærar Aikali Nono er svært motivert for å undervisa alle borna uansett språkleg bakgrunn og å møta deira spesielle behov.

held prosjektet fram med å støtta lærarar, foreldre og elevar, og spesielt minoritetsspråklege grupper i Vest-Etiopia, for at dei skal få best mogleg utdanning.

Vil du vera med å støtta misjonsprosjektet?

Vipps-nr: 505877 (Misjonsprosjekt)

Kontonr.: 3480 30 84647.

Merk betalinga med «Misjonsprosjektet»



Skiplestemna vart arrangert den 23. juni på Skiple gamle kyrkjegard, i bra ver. Andakt ved Arnulv Sandvik og orientering om kyrkjegarden ved Roald Hjelmeland. Det var bra oppmøte, i alt 32 deltok på stemnet.

Søndagsskulen på Voss er tilbake!

Den norske kyrkja har eit stort arbeid for barna i heile Voss Herad. Alle barn blir inviterte til T- dag ein dag i året, det er barnekor og det er familiegudstenester. Supertysdag har vorte eit populært tilbod ein tysdag i månaden i Vonheim,

og vi er velsigna med store konfirmantkull.

Likevel har vi opplevd det som ei utfordring at barnefamiliar synest det er vanskeleg å komme på «vanlege» gudstenester i Vangskyrkja. Derfor er vi kjempeglade for at vi igjen

kan tilby søndagsskule fast ein gong i månaden.

Alle barn er velkomne i alle gudstenestene våre, og vi har leikekrok og kofertar som vi deler ut, som skal få tida til å gå litt raskare. Om du likevel tenkjer at kvar søndag er for my-

kje, så noter ned datoane for familiegudstenester og gudstenester med søndagsskule frå plakaten på neste side, og kom og bli ein del av fellesskapet. Plakaten kan og klippast ut, og puttast på kjøleskapet.

**DEN NORSKE KYRKJA**

For barna hausten 2024

<u>Familiegudstenester</u> 18. 08 kl. 11 i Vonheim Kickoff og søndagsskule 29. 09 kl. 11 i kyrkja Hausttakkefest og T4 13. 10 kl. 11 i Nain Familieforestilling med Viggo Klausen 24. 12 kl. 14 i kyrkja Julaften med barnekoret	<u>Søndagsskule</u> 18. 08 kl. 11 i Vonheim 15. 09 kl. 11 i kyrkja 27. 10 kl. 11 i kyrkja Folkemusikkmesse 17. 11 kl. 11 i frelses- armeen Fellesgudsteneste 08. 12 kl. 11 i kyrkja
<u>T-dagar</u> Du får brev i posten På hausten er det T6—heilt førsteklasse T1—babysang, T2—Krølletreff T3—Undretur, T4— Barnebibel T12/13—Movienight, T11, Lys vaken T5—Julekrybbeverkstad	<u>Supertysdag</u> Kl. 1545-1745 i Vonheim 27.08 17.09 22.10 3.12

MiniMidiSing: Barnekor kvar onsdag 1730-1830 i kyrkja

Mjølfjell kapell juli/august

Det var stor aktivitet i kapellet på Mjølfjell i månedskiftet juli/august.

Torsdag 25. Juli var det dugnad, 13 deltok, for det meste hyttefolk. Mange av dem har fulgt kapellet helt fra basarer for å samle inn penger til byggingen. Kapellet sto ferdig i 1967. Det ble gjort rent innvendig og vinduene ble pusset, både innvendig og utvendig. Kirkesølvvet ble pusset. Utvendig ble det ryddet mellom kapellet og fylkesvegen. For 12-15 år siden ble det også ryddet, men nå begynte det å gro til igjen. Vi avsluttet med kaffe og kake på kirketrappen. Godt å ha en bred trapp.

Søndag 28. juli feiret vi oss litt på forskudd. Siden



Mjølfjell, kyrkja sett frå sørvest.

Foto: Anne Martha Hoff

Vetle hadde gudstjeneste i Vangskyrkja tidligere på dagen var gudstjenesten i kapellet kl. 14.00. Vi hadde kirkekaffen på forhånd, med godt fremmøte og øsekaker fra Gro-Marit. Vi hadde en fin samling og snakket om fremtiden til kapellet. Vi må forsøke å få mer aktivitet og

også bedre kontakt mellom soknerådet og hyttefolket. Per Jon Odeen skal forsøke å samle en kontaktgruppe. Det kom frem mange ideer som vi kan arbeide videre med. Det var også mange som kan tenke seg å bidra mer med dugnader. Hvordan kan vi organisere det best mulig?

Vetle hadde med hele familien utover, de bidro både ved pianoet og utdeling av programmet. Åshild plukket blomster til alteret og bidro med sang. Det var en fin gudstjeneste.

Lørdag 3. august var det folkemusikkkurs om formiddagen og konsert om ettermiddagen. Det var Berit Opheim og Kari Finne Sognnæs som sto for dette. De hadde 8 deltagere på kurset, hvorav 2 barn. Fire av damene var igjen etter kurset og deltok under konserten. På konserten var vi 30 som hadde en fin ettermiddag. Det var kveding og lokale folketoner. Kursdeltagerne var veldig fornøyde, og kanskje de kan få med flere hvis Berit og Kari kommer tilbake neste år.



Sokneprest Frode Kvamsøe.



Triveleg selskap på Verpelstad gard.



Bøen på Verpelstad.

Alle foto: Anny Forthun

Kyrkjelydstur for Evanger og Bolstad sokn

Kyrkjelydsturen for Evanger og Bolstad sokn 18. august 2024 gjekk til Verpelstad gard.

Odd Reigstad tok godt i mot oss og inviterte oss inn i selskapslokalet sitt, sidan det var så mykje regn. Det var me takksame for. Tross regnet var me 19 som møtte, det var

kjekt at så mange tok seg ut sjølv om været var vått.

Frode Kvamsøe held ei fin andakt der han snakka om Kristenretten og Magnus Lagabøteslov. Song og bøn høyrde til.

I kaffipausen fortalde Odd Reigstad om Verpelstad og bedrifta si. Det er fantastisk alt han har fått til.

Takk for vellukka dag og vel heim!

T₉ “På sporet av Heilag Olav”, Oppheim og Vinje sokn

Pilegrimsvandringa frå Oppheim til Vinje vart ei våt oppleving i år. Det hølja ned. Dermed så vart opplegget endra litt. Me starta med gudsteneste der “Heilag Olav” gav si fredshelsing til pilegrimane, før me vandra opp til “Mor si grav”. Her lærte me om Per Sivle, og sang “Den fyrste song”. Me tok snarvegen (bil) til Vinje og sælestova der me vart møtte med fyr på grua og deilige vafler. Me fekk høyra om Ivar Husdal sine eigne pilegrimsvandringar frå Voss til Trondheim.



T₁₂ / T₁₃ “Miljøagentar”, Oppheim og Vinje sokn

Gud skapte verda og vi menneske ble satt til å forvalte verda etter Gud sin plan.

Denne flotte sommardagen på Oppheim tok Arnulf prest oss gjennom bøn og skapingshistoria før Øyvind snakka om miljø og viste nokre filmsnuttar om korleis me i kvardagen kan bevare kloden med det kvar einskild gjer. Åshild lærde oss vaksne og borna korleis me kunne bygga innsektshotell for å sikra pollineringa slik at me har innsekt nok til å bestøva blomane så dei kan bli til frukt, grønt og mat til oss menneska. Det meste av tida gjekk til å planlegge, sage og spikre saman innsektshotella, noko som engasjerte store og små heilt til det ikkje var meir tid attende.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₁₄ Ein smakebit av konfirmanttida

Konfirmasjonane 2024 er vel overstått. Bileter av dei flotte konfirmantane kjem i jolenummeret. Like etter konfirmasjonen var me i gang med neste konfirmantkull. Det er alltid kjekt å møte dei før sommaren, og bli litt kjent. Sidan me ikkje har innhenta løyve til publisering av bilete så kan me ikkje leggja dei ut her. Difor får de eit bilete av ei av oppgåvene ungdomane fekk, nemleg å byggje kyrkje i lego ved å leggja på ein klosse kvar. Her må ein vel kunne seie at me alle har potensiale :=)



Kjære Gud ta handa mi,
slepp ho aldri ut av di,
lei meg på din veg i dag,
gjer meg trygg og sterk og glad.

T₁₅ Konfirmanttida

Det er framleis mogeleg å melda seg som konfirmant i kyrkjene våre. På nettsida vår finn de påmeldingsskjema der de kan legge inn all kontaktinformasjon me treng. Der finn de óg brosjyra som vart sendt ut i april, til alle medlemer født i 2010.

Det vert presentasjon av konfirmantane i kyrkjene våre i løpet av september.



<https://www.voss.kyrkja.no/>



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ > T₁₈

T₁₄ Ein smakebit av konfirmanttida

Konfirmasjonane 2024 er vel overstått. Bileter av dei flotte konfirmantane kjem i jolenummeret. Like etter konfirmasjonen var me i gang med neste konfirmantkull. Det er alltid kjekt å møta dei før sommaren, og bli litt kjent. Sidan me ikkje har innhenta løyve til publisering av bilete så kan me ikkje leggja dei ut her. Difor får de eit bilete av ei av oppgåvene ungdomane fekk, nemleg å byggje kyrkje i lego ved å leggja på ein klosse kvar. Her må ein vel kunne seie at me alle har potensiale :=)



Kjære Gud ta handa mi,
slepp ho aldri ut av di,
lei meg på din veg i dag,
gjer meg trygg og sterk og glad.

T₁₅ Konfirmanttida

Det er framleis mogeleg å melda seg som konfirmant i kyrkjene våre. På nettsida vår finn de påmeldingsskjema der de kan legge inn all kontaktinformasjon me treng. Der finn de óg brosjyra som vart sendt ut i april, til alle medlemmer født i 2010.

Det vert presentasjon av konfirmantane i kyrkjene våre i løpet av september.

<https://www.voss.kyrkja.no/>



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T-dagar i kyrkjene våre haust 2024

Voss sokn

T1 Babysong: Oppstart 3. sept
T2, "Krølletreff": 21. sept. kl. 11. I Vonheim
T4 "Utdeling av barnebibel": 29. sept. I Vangskyrkja
T12/13, "Movienight": 4. okt. I Vonheim
T3, "Undretur": 26. okt. I Vangskyrkja
T11, "Lys vaken": 01. nov. i Vangskyrkja
T5, "Jolekrybbeverkstad": 18., 19. og 20 nov.
I Vonheim

Oppheim og Vinje sokn

T1 Babysong: Oppstart 29. aug. i Kyrkjestova på Oppheim
T2, "Krølletreff": 21. sept. kl. 11. I Vonheim
T3, "Undretur": 22. sept. kl. 10. I Vinje kyrkje
T4 "Utdeling av barnebibel": 22 sept. I Vinje kyrkje
T12/13, "Movienight": 4. okt. I Vonheim
T5, "Jolekrybbeverkstad": 10. nov. I Vinje kyrkje
T11, "Lys vaken": 22. nov. I Oppheim kyrkje

Evanger og Bolstad sokn

T1 Babysong i Vangskyrkja. Oppstart 3. sept.
T2, "Krølletreff": 21. sept. kl. 11. I Vonheim
T12/13, "Movienight": 4. okt. I Vonheim
T10/11, "Lys vaken": 29. nov. I Evanger kyrkje
T3/4/5: 1. des. I Bolstadøyri bedehus

Granvin sokn

T1 Babysong i Vangskyrkja. Oppstart 3. sept.
T2, "Krølletreff": 21. sept. kl. 11. I Vonheim
T12/13, "Movienight": 4. okt. I Vonheim
T3: 23. nov. I Granvin kyrkje
T5: 23. nov. I Granvin kyrkje
T4: 24. nov. I Granvin kyrkje

Raundalen sokn

Raundalen sokn fyl Voss sokn frå 1-2 og 6-18 år.
T3/4/5: 20. okt. I Raundalskyrkja

Noter dykk datoane.

Invitasjonar kjem i posten til alle våre medlemmar i det aktuelle årstrinnet. Dersom de ikkje er medlemmar så er de hjarteleg velkomne likevel. For å få invitasjon kan de gjere ein av følgjande:

1. Melde barnet inn i Den norske kirke; kirken.no/minside
2. Melde barnet som trusopplæringsabonnent (barnet vil då få invitasjonar til trusopplæringstiltak utan å vere innmeldt): kirken.no/minside
3. Sende melding til kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik, 995 18 194. Barnet vert då registrert i vår interne liste, og får invitasjonar på lik linje med andre.

Invitasjonar vert også lagt på nettsidene våre når T-dagen nærmar seg:
<https://www.voss.kyrkja.no/>



Saknar de ein T-dag? Mest truleg så kjem den til våren :)



Ved spørsmål ta kontakt med kyrkjekontoret, 56523880 eller med kyrkjelydspedagog Camilla Velsvik, 995 18 194




Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
– Kvifor er det så mørkt her?
– Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
Ho la berre kokte egg.

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B



Søndagsskolen – mer enn du tror

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

 VOSS SPAREBANK BYGDA SIN BANK post@vossabanken.no 56520300	 myrkdalen.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor
Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar  Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 KULTUR EVENT Lyd-, lysutleige Musikalste tenester, direksjon Arrangementsplanlegging post@kulturevent.no
 O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Voss Energi -rein vossakraft!	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
 UINJO	 Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:  STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no  Stort utvalg i blomster og gravminne! KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 Me går saman med deg heile vegen	Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjekontoret på post.voss@kyrkja.no  VESTLAND TRAFIKKOPPLERING Førarkort eller oppfrisking 9100 3101 post@vestlandtrafikk.no UTRÅGATA 36, 3. etg.	
Din rørleggjar i sentrum  Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken!  Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss 	Voss bygg og landskap  Tlf. 474 42 514	 vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995
 VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS Skyvedørskarmer Loftstrapper Inspeksjonsluker  HMV Maskin EIK Senteret Voss  Stolte tradisjonar, ny næring		Anleggsgartnar og trepleiar  GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 30 hmvvoss.no Verkstad og delelager

Seniortreff



Velkomen til seniortreff i Vonheim tysdagar kl. 12.00-14.30 ca. ein gong i mnd.

Hervil det verta ulike kulturelle innslag og tema, andakt og allsong og eit varmt måltid i felleskap med andre på ferdig dekkja bord. Ta gjerne med ein god ven eller nabo! Pris kr. 150.-

Til alle treffa våre har me skysskarar, så treng du skyss kan dei både hente og bringe deg. Bet. Kr. 50,- til skysskaren. Ring diakon Sigrid D. Mala. 47849134, gjerne dagen før! Hjarteleg velkomen skal du vera.

Kyrkjeskys



Me treng frivillige til kyrkjeskys!

Kan du køyre bil? Er du villeg til å køyre nokon til gudsteneste ein gong i månaden/ein gong i semesteret? Vi treng deg som bur på Voss, har bil og har lyst til å hjelpe andre. Nokon i bygda vår er avhengig av skyss for å koma seg til gudstjeneste.

Ta kontakt med kyrkjelydskontoret tlf. 56 52 38 80.
post.voss@kyrkja.no eller diakon Sigrid D. Mala 478 49 134,
sm435@kyrkja.no



Frivillige

I kyrkjelyden vår er det stor aktivitet, og mange frivillige er med for å få alt i hamn. Oppgåvene er mange og ulike, og det er god plass til fleire frivillige! Her vil du møte mange andre flotte frivillige og fine felleskap i alle aldrar. Det kan vera å hjelpe til med praktiske oppgåver i gudstjenestene, å lage kyrkjekaffi og bake, lage til seniortreff eller være skysskar? Eller du ynskjer å hjelpe til i barne og ungdomsarbeidet.

Har du litt tid og overskot? – del det med andre!

Så er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret
tlf. 56 52 38 80/post.voss@kyrkja.no



25.-27. april 2025 er vi så heldige å få besøk av Viggo Klausen med familiefeststillinger!

Han kjem til Voss med eitt mål: Å formidle Jesus på ein forståeleg og kreativ måte slik at familiar som ikkje kjenner Jesus i dag vil ønskje Jesus – VELKOMMEN HEIM! Han har med seg eit stort telt vi skal setje opp i Prestegardsmoen. Det blir familieshow, hoppeslott, pølser, popcorn, foreldreseminar og mykje meir. Alt er gratis.

Det vil komme meir utfyllande program etter kvart. Har du ikkje barn? Vi håpar at DU vil hjelpe oss med følgjande:


- Be for dette arrangementet.
For Viggo og alle som kjem
- Inviter med deg naboane dine, barnebarn og andre familiar du kjenner
- Kanskje du kan vere med og bake nokon bollar eller vere til stades for å ta ein kopp kaffi med dei som kjem?

Dette blir arrangert av DNK, NAIN, Salt og Frelsesarmeen saman. Vi gler oss veldig og håpar dette vil vere ein fest for heile bygda!

Viggo Klausen er busett i Kristiansand og jobbar til dagleg som omreisande barne- og familieforkynnar og er for mange eit kjent namn frå leirar, stemne, festivalar og i kyrkjelydar over heile landet.

Han leier «Velkommen Hjem» og brenn for å dele Jesus på nye stader. Han er ein dyktig historieforteljar og muskar og formidlinga hans er kjend for å vere spennande og kreative med eit aktuelt innhald. Viggo er gift med Katharina og er far til to vaksne barn.





Førstehjelp ved sorg

Kjenner du nokon som har mistet nokon og som sørger? Konkrete tips som kan gjere det litt lettare å vere til stades for menneske i sorg.

Kva er Førstehjelp ved sorg?

Det er tungt å vere åleine i sorga. Derfor har kyrkja samla tankar og konkrete tips som gjer det litt lettare for oss å vere til stades for medmenneske i sorg. Sorg er smertefullt, men sorga kan bli lettare å halde ut når ho blir delt. Kyrkja har lang erfaring med å møte og støtte sørgjande. Tipsa her er meinte som ei hjelp i den første tida, når nokon har mista ein dei er glad i.

All sorg er unik. Det finst ingen instruksjonar som alltid er rette, det er ingen absolutte sanningar. Kanskje er det òg ei av årsakene til at så mange kjenner seg usikre når dei skal møte andre i sorg. Med desse tipsa håper

Den norske kyrkja å kunne medverke til at fleire kjenner seg litt tryggare og betre førebudde, slik at ingen rundt oss må vere einsame i sorga si.

Ta ansvar for kontakten

Vi må ikkje leggje ansvaret for å halde kontakten på den sørgjande. Unngå å seie «ring meg om det er noko, eg er her for deg». Da er det storfare for at den sørgjande ikkje orkar å vere den som skal ta kontakt. Sei heller: «Eg ringjer deg på tysdag, ta telefonen om du orkar.» Om den sørgjande ikkje svarar, kan du ringje igjen. Og igjen og igjen.

Ta initiativ

Foreslå ein heilt kvardagsleg

aktivitet. Du kan invitere på kaffi, til å sjå ein film, eller til å bli med på ein liten tur ut. Mange sørgjande lengtar etter ein pause i sorga og litt vanleg kvardagsliv. Hugs at den du inviterer med, kanskje takkar nei, og det er heilt greitt. Det viktigaste er at du spør – og at du vågar å spørje på nytt.

Bryt stilla

Mange synest det er vanskelig å ta kontakt med den som sørgjer. For kva skal du seie? Tenk om det blir heilt stille når du ringjer, eller kanskje den sørgjande tek til å gråte? Det viktige er ikkje kva du seier, men at du vågar å bryte stilla. Av og til er ei tekstmelding ei betre

løysing enn ein samtale; det er ofte lettare å ta imot og svare på ei melding.

Vis nærvær

Mange av oss er redde for å trengje oss på, og det kan fort ende med at vi ikkje gjer noko som helst. Kanskje tenkjer vi at den sørgjande helst vil vere i fred, eller at vi skal vente med kontakt til «det verste er over». Vi må vise tydeleg at vi er der, slik at den sørgjande ikkje føler seg utanfor eller oversett.

Gi rom

Det kan vere mange som sørgjer over den same personen samtidig. Alle som har mista ein nær, har ein unik relasjon til den som er

borte. Sorga er ulik frå person til person. Vi må unngå å ta over med våre egne minne og kjensler. Vi må hugse at det som gjeld, er kjenslene til den sørgjande, same kva slags kjensler det er. Våre tankar og forteljingar er sjølvstøtt også viktige – men ikkje viktigast.

Værtolmodig

Vis forståing for at alle sørgjande har sin eigen sorgprosess. Ikkje «trøyst bort» sorga, og ikkje vis frustrasjon over at den sørgjande ikkje kjem seg vidare. For sorga har ingen «best før»-dato, og det finst korkje normal eller unormal lang tid for sorg. Somme har behov for å fortelje den same historia om og om igjen, og for somme kan det vere ein viktig del av det å forstå og arbeide seg gjennom sorga.

Ikkje gløym sorga

Du kan skrive opp i kalenderen når det har gått tre, seks eller tolv månader sidan personen døydd. Så kan du ta kontakt igjen da. Når omverda går vidare, er det lett å tru at sorga blir mindre, men for mange er det motsett. Sorga blir kanskje verre. Spesielt når ingen andre synest å hugse eller bry seg lenger. Sorg er smertefullt, men deler vi sorga, kan ho bli lettare å bere.

Hugs årsdagen

Spesielle minnedagar og jubileum er ofte krevjande, jamvel etter mange år. Som med menneske kan du vere ei støtte for den sørgjande ved å vise at du deler sorga og framleis hugsar den som er død. Desse minnedagane kan vere dødsdagen, fødselsdagen eller eit anna spesielt tidspunkt som ein markerer. Og sjølve mar-

keringa denne dagen kan vere storslått eller lita; det viktige er at den sørgjande ikkje treng å vere aleine i sorga si.

Hald fram med å minnast

Ikkje ver redd for å snakke om personen som er død. Sjå på bilete og del minna med kvarandre. Dette kan det vere ekstra viktig å tenkje på når den sørgjande er eit barn, for da er vi vaksne ofte enda meir varsame og redde for å kome for nær vanskelege kjensler.

Hjelp i kvardagen

Det er mange praktiske ting du kan gjere for den sørgjande, ting som kan verke sterkare enn ord. Iblant kan omtanke vere å sitje barnevakt, lage middag, klippe plenen, gjere innkjøp eller vaske i huset. Du kan rett og slett gjere omtanke om til konkrete handlingar.

Besøk ein minnestad

Er det ein spesiell stad som kan knytast til den døde? Du kan gå dit saman med den sørgjande, og de kan minnast saman. Tenne eit lys ved grava, spele musikken den avdøde likte aller best, bade frå bryggja som var så viktig for den døde, eller gå på restaurant og bestille favorittretten til den som er borte. Det finst mange måtar å minnast ein person på.

Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand. (Jesaja 41,10)

Teksten er utarbeidd av Svenska kyrkan og omsett av Kyrkerådet, Den norske kyrkja.

Helgemesse/ Allehelgensdag



Sundag 3. november er det helgemesse/allehelgensdag som vert markert i alle våre sokn. Der vert pårørande og familie som har mista ein av sine invitert til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sagn.

Denne dagen er også for oss alle som har mista nokon vi var glade i, uansett om det er gått få eller mange år.

For mange er denne dagen ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden, på grava eller minnelunden denne dagen, for å minnast dei som er døde og tenna lys. Vi i kyrkja ser ikkje berre dei vakre lysa, vi ser òg at livet er skjørt og sårbart og vi alle treng håp. Denne dagen vert liva våre sette i ein større samanheng.

På dei ulike minnegudstenestene vil me minnast og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist minnegudsteneste, i innråming av vakker musikk.

For nokon har det har det gått eitt år, for andre

kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid sidan dødsfallet og saknet er sårt. Vi ynskjer difor å invitera dykk til ei stille stund i kyrkja på allehelgensdag, der de er av omgjevne av menneske og Gud i sorga.

Vi sender ut ein invitasjon via brev til dei som er pårørande siste året, men her er alle velkomne år etter år. Ein dag der vi alle minnes våre.

Det vil også vere ope i Vonheim kl. 12.30- 14.00. (som ligg rett ved gravplassen).

Der er alle som er på gravplassen og saknar sine, hjarteleg velkomne innom for ei

roleg stund. Her kan du sitte ned og tenne ljøs. Der vil også være nokon å snakke med av tilsette i kyrkja om du ynskjer det.

De er alle hjarteleg velkomne!



Her er nokon av ungane i 4P på Filippinene med Eldar draktene dei fekk i sommar.

Foto: Ann Kristin Åkerlund

Misjonsprosjektet

Misjonsprosjektet som Fredagsklubben støttar heiter 4P («ForPeople»).

Det er ein norsk/filippinsk organisasjon basert på kristne verdier.

Visjonen deira er: «Finn dei, hjelp dei, og styrk dei til ei betre framtid.»

Bjørg og Ingar Åkerlund frå Bergen har vært leiarar sia 2009. Dei driv

eit omfattande arbeid i slummen og byggjer bl.a. barneheimar. Dottera deira (Ann Kristin Åkerlund) har vore på besøk i Fredagsklubben. Ho har vist bilete frå slumstrøka der mange av borna har budd, og frå arbeidet som er gjort med bygging av barneheimar. Ho tek og

med seg kle, leikar og utstyr som ungane, foreldre og frivillige på Fredagsklubben har samla inn. Her er bilete av nokon av ungane i 4P på Filippinene med Eldar draktene dei fekk i sommar.



Bjørg og Ingar solgte hus og bil og dro til Filippinene 50 år gamle.



Ann Kristin Åkerlund.

Har du lyst å støtte oppbygginga av barneheimar på Filippinene kan du vippse Oppheim sokneråd: 832824 og merk med «Barneheimar 4P».
Tusen takk!

TILBOD OM SAMTALE

Til kyrkja er det alltid rom for å kunne snakke om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.



Ta gjerne kontakt for samtale på telefon 56 52 38 80 så vidareformidlar dei til diakon eller prest.

TAKK TIL GRØN KYRKJELYD

Tusen takk til gode og trufaste medarbeidarar i Grøn kyrkjelyd for et oppriktig engasjement knytt til skaparverk, miljø, rettferd og forbruk i kyrkjelyden vår. Takk for alle innlegg i Kyrkjennytt, innspel og oppmuntring og alt de bidreg med i dei ulike Gudstenestene som bl.a. Skaparverkets dag og Friluftsgudstenesta.

Stor takk til Leiv Arne Mosefinn, Cissel-Norunn Erdal og Kari Bye.



HAR DU LYST TIL Å VERA MED I EI BIBELGRUPPE?

Her kan ein byggje fellesskap, dele tankar, be og lese Bibelen saman. Ta gjerne kontakt for meir informasjon. Du er hjarteleg velkommen.

Anja Kristin Slåtten, diakonimedarbeidar:
tlf. 41 70 49 58

Hans-Christian Küspert, sokneprest:
tlf. 95 45 05 72

VELKOMEN TIL Fredagsklubb i Kyrkjestova på Oppheim

4. – 6. klasse: 18 – 20
7. – 10. klasse: 20 – 22

MOBILFRITT ARRANGEMENT!

Her er samlingsstund med kvelds, song og andakt og ulike aktivitetar/spel som biljard, playstation, filmkveld, bingo, mat, strikkehjørne og trygge vaksne du kan prata med om det er noko.

Fredagsklubben er gratis!

Kontakt: Anja Slåtten 41704958/ Gro Samland 47907900

Datoar for hausten: 30/8, 27/9, 25/10, 29/11 og 13/12.

Juleavslutning 13/12 med juleevangeliet, mandel i grauten, og kjeke konkurransar.

Tusen takk til alle gode medarbeidarar og støttespelarar i Fredagsklubben!



Bilete frå «Design.kirken.no»

TAKK

til kyrkjeaffinemda.

Tusen takk alle gode trufaste medarbeidarar som stiller opp for å leggja til rette for fellesskap med godt bakverk og koseleg atmosfære etter Gudstenesta. Og hjarteleg velkommen til dei nye i kyrkjeaffinemnda.

*Stor takk til Bjørg-Kari Afdal,
Anne-Karin Hellesøy,
Ingrid Hagebø, Mari Gjukastein,
Ragnhild Øiestad,
Marit Helleve, Bente Kristiansen
og Jenny Jordalen.*

DØYPTE

Vangskyrkja:

21.04 Ola Rong Slåtten
Trym Sandvik Nilsen
28.04 Kåre Kallekleiv
Eirik Jensen Hoddevik
19.05 Håkon Fykse Vinje
Marlon Helle Bisioli
July Helle Bisioli
Josefine Bygnes Westergren
Vilma Stue Lirhus
Ida Hamre Skoglund
Johannes Misje Küspert
Lars Skurtveit
Alma Gjerde
02.06 Olav Larsen Kolve
Iver Nedkvitne Flatekvål
Eilif Olai Sætre
Mia Granli Djukastein

16.06 Ludvig Turvoll
Synnva Emilie Mæland Rong
30.06 Isak Skutle
Edvin Magnesen Vinsand
Gustav Byrkje Norekvål
07.07 Sverre Hagenes
Hennie Hegbom Hennie
14.07 Adrian Veseth
28.07 Johanna Berge Finne
Storm Ramsøy Ebbesvik
Anders Karlsen Ebbesvik
04.08 Edvin Ringheim-Bakka
Lukas Nedkvitne Gravning
Bernard Liland
11.08 Jenny Lindstad Istad
Ingrid Bakken Skutle
Magnus Brunborg
Wilhelm Garvik Loven

Evanger kyrkja:

30.06 Holly Rong Langvandsbråten

Granvin kyrkja:

02.06 Heidi Himle Folkedal
20.07 Synne Mæland Naa

Oppheim kyrkje:

19.05 Helene Grimsland Løne
Olivia Songve Kvitne
09.06 Liva Pettersen
Olina Vange Lunde

Raundalskyrkja:

23.06 Anna Brattåker Lien

VIGDE

Voss sokn:

19.05 Guro Tveito og Øyvind Skattebo
01.06 Frida Lødøen og Kristoffer Wilhelm Larsen
Hilde Larsen og Kim Bjarthe Torsvik
08.06 Katrine Isabel Jensen og Nils Olav Høegh-Krohn
Jorid Rogne Hovland og Alexander Pedersen
Randi Hernes Tvilde og Bjørnar Seim
22.06 Malin Møen og Nils Opheim
Vibeke Lien og Torstein Halleraker
27.06 Renathe Bruvik og Eirik Brunborg
29.06 Marita Helland og Lars Bjørnstad
Hilde Eikeland Bergstrøm og
Andreas Skjervheim Grevle
06.07 Anna Lussand Selheim og
Nils Arne Gjerstad Nilsen
Anette Bakke og Jarle Systaddal Færøy

13.07 Amalie Joensen og Sjur Lorentzen
17.07 Cathrine Kallestad og Rolf Jordalen
20.07 Frie Sunniva Austrheim Haugen og Kjell Rune Grimsland
03.08 Kristin Davidsen og Martin Miljeteig Ramsdal
10.08 Kirsti Vevatne og Svein Øvsthus
Kjersti Fenne og Sindre Greve Rolland

Evanger og Bolstad sokn:

04.06 Bente Søfteland og Ove Mjelde

Oppheim sokn:

19.05 Silje Songve og Joar Kvitne

Granvin sokn:

20.07 Anna Vindal og David Skjerdal Stier

DØDE

Voss sokn:

10.04	Roald Lyngvær	1942	02.05	Frode Draugsvoll	1951
10.04	Eli Bjørg Hegle	1943	03.05	Bjørg Afdal	1939
10.04	Irene Mandelid	1966	04.05	Sigvor Bauthus	1922
14.04	Olav Normann Langeland	1949	08.05	Johan Mandelid	1937
18.04	Arnfinn Finne	1938	08.05	Arne Kvitne	1947
18.04	Alv Vethe	1943	12.05	Gro Nesheim Øvsthus	1955
24.04	Gjert Auganæs	1935	16.05	Harald Tvilde	1932
27.04	Magne Skjeldal	1966	16.05	Borghild Lilly Rasdal	1928
29.04	Anna Kjellaug Mykkeltvedt	1935	17.05	Arne Kvåle	1941

DØDE

24.05	Björg Rørlien	1958
30.05	Else Selma Gravning	1927
31.05	Brynjulv Rode	2018
04.06	Ingvar Mandelid	1942
05.06	Ingunn Bjørke	1930
07.06	Sigmund Kjetil Nybø	1945
09.06	Nils Bidne	1946
10.06	Anna Fenne	1929
17.06	Borghild Ygre Skorve	1956
21.06	Kjellaug Øvsthus	1939
23.06	Lina Irene Nymark	1932
24.06	Brynjulv Melve	1930
25.06	Brita Skjerven	1929
05.07	Olav Hole	1932
09.07	Per Ravndal	1930
12.07	Liv Iren Helle	1955
18.07	Odd Helge Horn	1943
25.07	Anne Grethe Turvoll Hovda	1952
28.07	Magnar Skjelde	1947
30.07	Einar Teodor Tøn	1923

05.08	Jostein Bjørke	1945
06.08	Ståle Bakketun	1968
10.08	Ivar Rørlien	1943

Granvin sokn:

17.04	Svein Haugse	1949
21.04	Guri Marit Varberg	1932
23.06	Ingunn Seim Blomli	1945
02.08	Liv Borghild Havås	1929

Oppheim sokn:

01.05	Björg Draugsvoll	1932
02.08	Mikkel Grindeland	1937

Raundalen sokn:

25.05	Jan Kvitne	1950
-------	------------	------

Evanger og Bolstad sokn:

01.08	Björg Brekkhus	1929
-------	----------------	------

Nytt frå Misjonsnemnda

Ei stor takk til alle som støttar opp om og er engasjert i misjonsarbeidet - anten det er her heime eller ute i den vide verda. Me menneske, kvar me er på kloden, trenger å høyra og ta imot den gode budskapen: at Jesus set oss FRI. Me treng ikkje bera alt som tyngjer oss åleine, men Han tek imot oss som me er, når me kjem til Han.

Her på Voss kan me støtta opp om kyrkja sitt arbeid lokalt og gjennom kyrkja

sitt misjonsprosjekt i Etiopia. I dei seinare åra også gjennom dei nye former for «misjonsforeiningar» me har prøvd ut: Misjon & Mosjon og Misjon & Motivasjon.

No i haust vil me lansera noko nytt: BIBEL & MISJON.

Me held fast ved misjonsfokus, spesielt med informasjon frå og kollekt til NMS (Det Norske Misjonsselskap) sitt arbeid i Etiopia. Og så har me fått nokre av prestane våre med til å halda bibeltime. Me ynskjer å få styr-

ka trusfundamentet vårt.

Dei første to gongervert det ei innføring i dei 4 evangelia ved Hans-Christian Küspert: tilverting, forskjellar, innhald og teologi. Deretter går me – ved Arnulf Sandvik – laus på Bergpreika (Matteus kapittel 5-7). Det vil vera godt rom for spørsmål og samtale etterpå.

Velkomen til inspirerende kveldar i haust, unge som eldre. Velkomen til dykk som er litt nysgjerrige på kva Bibelen har å by på, til

tvilande, til dykk som har gleder, sår, sorger i livet og dykk som har vore truande i mange år!

I haust samlast me i Kyrkjetunet kl. 19.00-21.00 desse datoane:

- 11. september
- 16. oktober
- 13. november
- 4. desember

Stølsmesse på Tjødnarhovden

Stølsmesse på Tjødnarhovden er blitt ein tradisjon på Vossestrand. 25.august var vi samla ca. 80 personar på stølen til Sigurd Sundsvoll. Det er 50 år sidan den første stølsmessa vart skipa. Trass i dårleg vær, sat vi tort under eit stort telt. Nytt av året er ei vedovn som holdt oss og maten varme. Årets nye konfirmanter vart presentert og vi ønskte dei lukke til. Soknerådene på Vinje og Oppheim varta opp med betasuppe, rømmegrout og dravle.



Gudstenesteliste

Granvin kyrkje:

- 08.09 kl. 11.00 Gudsteneste v/Ulvik. Presentasjon av årets konfirmantar
- 29.09 kl. 11.00 Gudsteneste v/Ulvik. Jubileums-konfirmantar. Nattverd.
- 06.10 kl. 14.00 Gudsteneste i Mælandshagen v/Ulvik. Nattverd. Kyrjekaffi.
- 27.10 kl. 11.00 Gudsteneste v/Ulvik. Nattverd
- 03.11 kl. 19.00 Minnegudsteneste v/Ulvik. Etter gudstenesta er alle velkomen til ein kopp kaffi/te i kyrkja.
- 24.11 kl. 11.00 Familiegudsteneste v/Ulvik og Velsvik. Utdeling av 4-årsbok.
- 08.12 kl. 18.00 Ljosmesse v/Ulvik. Konfirmantane deltek.

Raundalskyrkja:

- 15.09 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Sandvik.
- 20.10 kl. 11.00 Haustakkefest T3/T4/T5 v/Sandvik.
- 03.11 kl. 17.00 Minnegudsteneste v/Sandvik.

Vinje kyrkje:

- 22.09 kl. 11.00 Haustakkefest T3/T4 v/Sandvik.
- 23.10 kl. 19.30 Salmekveld v/Arvidsson.
- 10.11 kl. 11.00 Familiegudsteneste T5, dåp v/Sandvik.

Oppheim kyrkje:

- 29.09 kl. 11.00 Jordalen kapell Gudsteneste v/Sandvik.
- 13.10 kl. 11.00 Gullkonfirmantar, dåp v/Sandvik.
- 03.11 kl. 19.30 Minnegudsteneste v/Sandvik.

Evanger kyrkje:

- 22.09 kl. 11.00 Gudsteneste v/Bø
- 03.11 kl. 11.00 Minnegudsteneste/-konsert v/Kvamsøe m/fl.
- 29.11 kl. 21.00 Lysmesse v/konfirmantane m/fl.

Bolstadøyri bedehus:

- 13.10 kl. 11.00 Haustakkefest v/ Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.
- 01.12 kl. 11.00 T3/4/5-dag v/Velsvik og Kvamsøe

Vangskyrkja:

- 08.09 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
- 15.09 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert. Søndagsskule.
- 22.09 kl. 11.00 Gudsteneste med Nattverd v/Hellesøy.
- 29.09 kl. 11.00 Familiegudsteneste med dåp v/Küspert. Haustakkefest og T-4, utdeling av barnebiblar.
- 06.10 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Küspert.
- 13.10 kl. 11.00 NAIN. Familieshow med Viggo Klausen - Felleskyrkjeleg arrangement som gjev oss ein forsmak på «Velkommen hjem» som kjem til Voss 25.-27. april
- 20.10 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Leksbø.
- 27.10 kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd v/Küspert. Søndagsskule
- 03.11 kl. 11.00 Helgemesse med nattverd v/Küspert.
- 03.11 kl. 17.00 Minnegudsteneste v/Küspert og Mala.
- 10.11 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
- 17.11 kl. 11.00 Frelsesarmeen. Fellesgudsteneste med nattverd. Søndagsskule.
- 24.11 kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Hellesøy.
- 01.12 kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v./Brikt Sigve Skeie.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista!

Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no



Foto: Kyrkja i Voss